



**STORT
OPPRØRS-
VAL**

RV

OPPRØRSVAL MOT OPPHØYRSSAL

"Det er blank løgn at det rikaste landet i verda ikkje har råd til gratis og gode barnehagar, skular og helsestilbod. Eg vil inn på Tinget for å hindre Ap, H og Frp i å kaste velferdsstaten ut til marknaden." - *Torstein Dahle, siviløkonom og 1. kandidat for RV i Hordaland*

Noreg er eit rikt land. Sosial kamp og økonomisk utvikling har gjort at landet på mange måtar har blitt eit samfunn det er godt å leve i. Men jamvel om vi er rikare enn nokon gong aukar gapet mellom dei rikaste og dei fattigaste. Stadig fleire slit med å klare seg økonomisk. Prisane på ein stad å bu skyt i vêret. Det blir stadig dyrare å sende ungane i barnehage. Kvinnene blir kontantstøtta heim til kjøkenbenken. Velferdsordningane vi har bygd ut blir no bygde ned igjen.

Noreg blir eit stadig meir pengestyrtd samfunn. Alt ein kan tene pengar på skal ein tene pengar på. Difor sel staten arvesølvet i Telenor og Statoil. Offentlege tenester blir overlatne til private. Bestemor blir sett på anbod. Private selskap kjem inn i helse og omsorg. Alt som ikkje gjev store overskot skal rasjonaliserast. Difor har verdas rikaste stat fattige kommunar, lange helsekøar og stadig dyrare velferdstilbod.

Det meste av velferden er kommunal tenesteyting gjennom ditt lokalsamfunn. Den økonomiske utarminga av kommunane undergrev difor velferdstilboda samstundes som ho pressar kommunane til privatisering og sal av fellesverdier som kraftselskap. For alle dei kvinnene som arbeider for å halde hjula i velferdsstaten rullande, fører presset på offentlig sektor med seg ein stadig hardare arbeidsdag.

RV vil forsvare dei velferdsordningane vi har kjempa fram i Noreg. I dag har mange tilbod om barnehageplass. Dette er vel og bra, men i verdas rikaste land er det mogleg å gje alle barn gratis plass i offentlege barnehager. RV vil lofeste rett til gratis barnehageplass og fjerne kontantstøtta. RV vil ikkje bygge ned velferdsstaten, vi vil bygge han ut.



FOTO: Marius Hauje



www.rv.no

Ei stemme til RV er eit opprørsval mot opphøyrssalet av velferdsstaten.



Kampen om velferdsstaten er den viktigaste politiske saka for RV. Vi vil ikkje godta utarminga av kommunane og nedbygginga av velferdsstaten. RV godtek ikkje at staten spekulerer med hundrevis av milliardar i oljefond medan dei rikaste kjøper seg fotballag og private jetfly. RV vil gå mot privatisering og konkurranseutsetjing. Vi vil forsvare alle dei velferdsordningene vi har kjempa fram i Noreg, vi vil halda til venstre når Arbeiderpartiet fuk til høgre. RV på Stortinget vil vere ein alliert for alle dei som seier nei til det pengestyrtte samfunnet.

Dagens velferdsstat blir betalt av folk flest - det er vi som ber skattebøra i Noreg. Vi er overlessa med inntektskatt og avgifter, medan skattesatsen for kapitalen aldri kjem over 28. Milliardinntektene frå aksjeutbyte blir berre skatta med 11 prosent.

Det er mogleg å setje ned skatten for folk flest og samstundes styrkje velferden. RV vil setje ned skatten på arbeid og auke skatten på kapital og på dei høgaste inntektene. Oljemilliardene må brukast til å styrkje offentleg velferd og industri i Noreg. Kommunane må få nok pengar til å gje folket gode og trygge velferdstenester.

Det trengs eit opprørsval i 2001. Eit val der vi seier i frå om at vi ikkje aksepterer sal av naturressursane våre, privatisering av kollektivtransport og konkurranseutsetjing av eldreomsorg, skular og sjukehus. Ei stemme til RV er ei stemme for gratis barnehagar, skule og medisinar, for menneskeverd og solidaritet.

RV krev:

- Gratis offentlige barnehagar for alle barn i staden for konstantstøtte
- Avvikling av oljefondet
- Meir pengar til Kommune-Noreg
- Regulering av bustadmarknaden
- Lågare studie- og bustadrente
- Stans privatiseringa
- Reformar sjukehusreforma

**STORT
OPPRØRS-
VAL**

www.rv.no



OPPRØRSVAL MOT GLOBAL NYLIBERALISME



"Den unge, breie og internasjonale mobiliseringa mot globaliseringa av kapitalkreftene motiverer meg som RV-politikar. Fleire av kampsakene og slagorda RV har nytta i mange år, blir no og brukte av store mengder aktivistar. At så mange menneske meiner at ei anna verd er mogleg, er det beste middelet vi har i kampen mot apatien - det er godt å gjere opprør for noko du trur på."

-Berit Mortensen, 1. kandidat for RV i Nordland.

Vi lever i ei verd der gapet mellom det rike nord og det fattige sør aukar for kvart år. Internasjonale selskap får stadig større makt gjennom organisasjonar som Verdsbanken, Det internasjonale

pengefondet, Verdas Handelsorganisasjon og EU. Deira resept for å minske kløfta mellom fattige og rike, er meir av den same medisinen - frihandel. For fattige verda over tyder globaliseringa at meir og meir vert gjort om til varer, varer dei ikkje har råd til.

Noreg er med på å fremje den skeive fordelinga i verda gjennom å investere Oljefondet i selskap som gjev arbeidarane svelteløn og elendige arbeidsforhold. Det absurde i denne profittjakta ser ein gjennom at Oljefondet investerer pengar i både mineproduksjon og protesefabrikkar – og tener grovt på begge delar. Målet til storselskapa er å gjere alt til varer – dei er på jakt etter profitt. Frihandel er friidom for dei som har pengar til å få enno meir, og for dei fattige til å få enno mindre. RV vil erstatte dagens omsynslause kappestrid om forteneeste med samarbeid om folks kvardag.

Noreg har dei siste åra utmerka seg som den snillaste guten i stormaktenes skuleklasse. Utanriksminister Jagland skil ikkje mellom den israelske staten sine bombeåtak mot sivile, og palestinske steinkastande ungdommar. Kurdiske flyktningar kjem til Noreg med splintar frå norskproduserte granatar i kroppen. Noreg nøler heller ikkje med å gå til krig om dei mektige landa gjev ordre. Stortinget stilte seg bak eit NATO som ikkje gjekk av vegen for bombing av sivile mål. Krigen mot Jugoslavia vart sett i gang mest utan debatt, med stønad frå alle stortingsparti. Det same stortinget legg no forsvaret om til ein profesjonalisert norsk angrepshær.

RV krev:

- Fortsatt nei til EU – sei opp EØS-avtalen.
- Stans nye Nato
- Fritt Palestina og Kurdistan
- Rettvis handel, ikkje WTO
- Noreg skal slette all u-landsgjeld
- Støtte til Tobin-skatt og andre ATTAC krav

Ei stemme til RV er ei stemme
for internasjonal solidaritet.



www.rv.no

OPPRØRSVAL MOT ALL RASISME



"Folket i Kosovo var høgverdige nok då statsministeren ba oss opne dørene for dei som vart frakta hit med luftbrua. Retur til eit område i ruiner, utan infrastruktur og der mindre enn ein femdel av innbyggjarane kan finne arbeid som følgje av ein sønderskoten industri, er hasardspel med menneskeliv." - Margaret Sanner, 1.kandidat for RV i Rogaland.

Noreg har gjennom bombinga av Jugoslavia styrkt si rolle som ærendsgut for stormaktene. Likevel er dei fleste partia forvitneleg lite villige til å ta konsekvensane av bombinga. Etter å ha forlate eit Kosovo i ruinar, nektar dei innbyggjarane asyl. Jamvel om den stadig aukande globaliseringa krev fleire og fleire offer, held det rike Noreg frameis grensene stengde. I år 2000 fekk 97 menneske asyl i Noreg.

I rettsstatar er det vanleg å sjå på folk som uskuldelege til det motsette er bevist. For asylsøkjjarar er det motsett. Viss du skal ha håp om å verte trudd, må du nærast ha med ei kvittering frå bøddelen din der han forsikrar deg om at han vil torturere deg om du vender attende. Staten krev òg at flyktningar skal vere forfølgde som individ, for å få asyl, å vere forfølgd som folkegruppe er ikkje nok. Viss jødane under andre verdskrigen hadde søkt om asyl med dagens lovar, hadde dei ikkje sluppe inn i landet.

Når staten gjev uttrykk for at asylsøkjjarar er løgnarar, er det ikkje rart at dette påverkar korleis resten av landet ser på flyktningar. Den norske behandlinga av asylsøkjjarar er med på å legalisere både kvardagsrasismen og den organiserte rasismen. Haldningane smittar òg over på politiet og media sitt bilete av "framandkulturelle", noko særleg ungdom med mørkare hudfarge lid under.

RV jobbar mot alle former for diskriminering, anten bakgrunnen er hudfarge, kjønn, religion eller legning.

RV krev:

- Opphev innvandringsstoppen – ta ansvar for flyktningar Noreg er med på å skape
- Innvandrarar frå 3. verda skal ha like store sjansar for jobb i Noreg som innbyggjarar frå EØS-land
- Fagleg forsvarleg undervisningstilbod i norsk og morsmål for innvandrarar
- Fjern KRL-faget
- Likskap for lova, inga ekstrastraffing av utlendingar

Ei stemme til RV er ei stemme for eit fleirkulturelt samfunn.

www.rv.no



EI ANNA VERD ER MOGLEG



"Ressursane i verda samlast på stadig færre hender. Eg kan ikkje akseptere at folk svelt medan mat blir brent for å sikre høg marknadspris, eller at arbeidsplassar skal forsvinne for å gje Røkke profitt nok til å bygge eit nytt cruiseskip."

-Aslak Sira Myhre, leiar i Raud Valallianse og 1. kandidat for Oslo RV

I det rike Noreg er det i dag mogleg å satse både på «barn og unge» og «eldre og helse». Det er mogleg å gå i fremste rekkje i å forbetre det lokale og det globale miljøet,. Ein kan drive energiproduksjon utan forureining og forbruk utan søppel. Det er mogleg å innføre seks timars arbeidsdag, gratis barnehagar, skulefritidsordning og bustad for alle. Dette er mogleg i Noreg i dag, utan at det skal gå ut over folk i Brasil, Uganda og Irak. Tvert om kan ein gjere dette og samstundes gjere meir for verdas folk, om ein er viljug til å skape ei anna verd.

Det blir sagt at det ikkje finst noko alternativ til dagens samfunnsorden. Kapitalismen har sigra, marknadslover er rådande. RV kjøper ikkje denne bløffen, og vi er ikkje alene. Folk er ikkje maskiner, og har mange gonger vist at dei ikkje vil akseptere pengejaget frå dei rike.



www.rv.no

**Ei stemme til RV er ei stemme for eit
ærlig opprør for ei anna verd.**



I heile verda høyrer vi eit rop etter endring. Vi høyrer det frå Finnmark til Seattle. Hundretusen av menneske går ut på gata med krav om ei anna verd - ein annan verdsorden. Med krav om rettferd og fridom, ikkje konkurranse og krig.

RV er ei røyst i dette opprørskoret. Vi godtek ikkje ein samfunnsorden som gjer dei rike rikare og dei fattige fattigare. Vi vil erstatte kapitalismen med eit folkestyre som gjev folk flest kontroll over ressursane - eit sosialistisk folkestyre.

Det er stadig meir naudsynt å reise eit alternativ til kapitalismen. Verda er blitt ein marknad der vi skal konkurrere med kvarandre, ein konkurranse

berre nokre få går sigrande frå. Våre liv, vår framtid blir overlaten til kreftene på marknaden. Bustad, helse, skule, arbeid og fritid - alt blir gjort om til varer for kjøp, sal og fortjeneste. Der omsorg og kunnskap burde stå i sentrum, handlar det no om stykkpris og effektivitet.

Ei anna verd er mogleg og nødvendig. Det er mogleg å skape ei verd der omsorg og solidaritet styrer. Ei verd der kunnskap og omsorg er gratis. Der kvinner og menn er likestilte. Der miljøet ikkje blir rasert for å gje profitt til dei rike. Ei verd som sikrar alle lik tilgjenge på helsetenester, utdanning og ein stad å bu. Ei verd utan svelt der handel ikkje er det same som å gjere dei rikaste rikare på kostnad av dei fattigaste.

Ei anna verd blir ikkje skapt på Stortinget eller i EU-parlamentet, eller gjennom å leggje ein setel i ei urne kvart fjerde år. Ho blir bygd av alle dei som dagleg reiser seg med krav om rettferd og fridom. Vi må sjølve ta makta over vår eigen kvardag - over vår felles framtid. RV trur ikkje heile verda endrar seg berre du stemmer RV ved valet i september. Men vi trur at vi kan skape ei anna verd saman med deg. På Stortinget vil ikkje vår lojalitet ligge hjå statsbudsjett eller regjering - vår lojalitet vil ligge hjå folk.

Ei stemme til RV er ei stemme for opprør. Det trengst opprørarar på Stortinget som kan vere ei motvekt til det innøvde spelet mellom politiske «motstandarar» som alle er på fornamn. Når dei lover økonomisk rettferd og forsvar av velferden, har korkje keisar Jens eller kong Jan klede på. No er det på tide at det kjem ein inn på Løvebakken og seier det.

RV krev mellom anna:

- Rettvis verdshandel. Noreg må investere i solidaritet og økonomisk oppbygging i tredje verda, ikkje fortjeneste og plyndring.
- Ingen privat eigedomsrett til kunnskap. Patent og programvare må vere tilgjengelig for alle.
- Ingen privat eigedomsrett til storkapital. Olja, fossane, sjukehus og fabrikkar må styrast av fleirtalet, ikkje av eit mindretal av storaksjonærar.
- Seks timars normalarbeidsdag, fleksibilitet for folk, ikkje for IKEA.
- Kvinnefrigjering. Lik lønn, like rettar og like mykje fridom.
- Økologisk forvaltning. Omsynet til berekraftig utvikling må jamstillast omsynet til økonomi i all planlegging.



www.rv.no

BLI MED I RAUD UNGDOM!

Raud Ungdom er ungdomsorganisasjonen til RV. Vi går inn for noko så sylfrekt som opprør og sosialisme (sjå <http://sosialisme.no>). Vi trur ikkje verda endrar seg over natta av at du stemmer RV - det som trengst er at du organiserer deg og blir med i kampen om framtida. Du bør rett og slett bli med i Raud Ungdom.

Vi kan ikkje love deg moteriktig stresskoffert, invitasjon til prinsebryllaupet eller ein karriere i byråkratiet. Men vi kan love deg ein organisasjon som gjer noko. Eit døme: alle i Noreg er samde i at retten til utdanning skal vere lik for alle. Lærebøker i vidaregåande skule må vere gratis. Likevel hender ingenting. Difor legg Raud Ungdom ut skulebøkene på nettet - fritt tilgjengeleg for alle. Ikkje for å gjere jobben for Trond Giske, men for å vise at vi er lei politikarar som har det i kjeften. Nokon synest vi er uansvarlege, kriminelle og frekke. Men det er den frekke og kriminelle Trond Giske som spring frå ansvaret sitt når han bryt prinsippet om lik rett til utdanning.

Viss du vil at nokon skal plage Trond Giske kvar dag i fire år, bør du stemme RV. Viss du vil spele venstreving i fotballkampen om framtida, er du hjarteleg velkomen i Raud Ungdom.

Eivind Volder Rutle, leiar av Raud Ungdom

RØD UNGDOM

Osterhausgt. 27, 0183 Oslo, tlf 22 98 90 70,
epost: ru@sosialisme.no, www.sosialisme.no



**STORT
OPPRØRS-
VAL**



RØD VALGALLIANSE

Osterhausgate 27, 0183 Oslo, Tlf: 22 98 90 50,
Faks: 22 98 90 55 www.rv.no